

# BYGDEBOKFONDET

## **Gransherad historielag forvaltar midler fra bygdebokfondet.**

*Utdelingar frå Bygdebokfondet kan gå til personar og/eller lag og foreiningar som har bidratt, eller bidrar med arbeid og aktivitetar som tek vare på, og stør opp om, tradisjonar og historie av varig verdi for bygda.*

Bygdeboka for Gransherad kom ut i 1977. Salget av boka gav eit overskott som vart sett inn på ein fondskonto i Gransherad Sparebank. Det har vore få utdelingar frå denne kontoen etter etableringa. Gransherad historielag har etter førespurnad frå nåværende Hjartdal og Gransherad Sparebank i 2017 takka ja til å overta ansvaret for disponeringa av fondet.

## **Personar/foreningar som har fått tildelt midler fra fondet i regi av Gransherad historielag:**

- 2017 Svein Vetle Trae, kr. 10 000,-** for arbeid med boka «Lamplight» som omhandlar hendingar under 2.verdenskrig i øvre Telemark, blant anna i Gransherad.
- 2017 Torju Bolkesjø, kr.10 000,-** for arbeidet med boka «Utvandring frå Gransherad til Amerika 1839-1930»
- 2018 GRANSHERAD SPEL- OG DANSARLAG, kr.10 000,-**  
for arbeidet med å videreføre blant unge den rike kulturtradisjonen som spel og dans etter hardingfela alltid har hatt i bygda.
- 2019 GRANSHERAD HUSFLIDSLAG, kr.10 000,-** for arbeidet med å utøve og formidle ulike tradisjonsrike håndarbeidsteknikkar som ein viktig del av kulturarven i bygda.
- 2019 Hallvard Oskasin, kr.10 000,-** som ei påskjønning og takk for det kulturarbeidet han har bidratt med i Gransherad gjennom sitt voksne liv, så vel for Ungdomshuset, Idrettslaget og ikkje minst arbeidet han utførte ved å samle referater og dokumenter for ulike lag og foreiningar i bygda. Dette er arkivert i kjellaren på Herredshuset.
- 2021 Hølje Bøen, kr.10 000,-** for arbeidet med «Busnesgrendsoga» og fleire lokalhistoriske artiklar knytta til grenda og nærområda. Alt gjort tilgjengeleg for oppbevaring av Gransherad historielag.
- 2021 Lars-Ingar Meyer Fjeld, kr.10 000,-** for arbeidet med å samle stoff og gje ut boka «Olav K. Venås Bygdegeniet og felemakeren fra Gransherad»
- 2021 Tor Johan Bøen, kr.10.000,-** for arbeidet med innspilling av ein CD med slåttar etter Svein Haugetrå.